

---

Saksnr: 2025/28526-5  
Saksbehandlar Kari Steinsland  
Dato: 11.08.2025

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet, Fylkesutvalet

**Frå:** Fylkesdirektør

---

## Orientering om misbruk av samkøyring

### Bakgrunn for saka

I fylkesutvalet 13.05.2025 (PS 97/2025) blei det samråystes vedteke å halde fram dagens pilotprosjekt med samkøyring i kommunane Øygarden og Askøy også i 2026. Prøveprosjektet vart starta hausten 2023 i Askøy og Øygarden, i samarbeid med samkøyningsaktøren Nabogo. Prøveprosjektet skulle gi kunnskap om samkøyring til Skyss og samarbeidspartnerane i Miljøloftet.

Avisene Vestnytt og Askøyværingen har i fleire nylege artiklar sett søkjelys på misbruk av samkøyningsappen på Askøy og i Øygarden. Artikkeleren gav inntrykk av at det er lett å misbruka Nabogo-appen, og dermed urettmessig få tilskot frå Skyss. Dette er ei problemstilling både Skyss og leverandøren Nabogo tek på alvor.

I saka blir det gjort greie for omfang av misbruket og kva tiltak som blir sette i verk.

### Omfang av misbruk

Tenesta frå Nabogo har vore nytta i Danmark og Nederland over fleire år, og gjeldande kontrollrutinar er utvikla av Nabogo i denne perioden. Basert på medieoppslag vart det likevel avdekkja at det har vore eit visst misbruk, og at rutinane for kontroll dermed ikkje har vore gode nok. Særskilde kontrollar er derfor sett i verk i juni 2025. Desse kontrollane har avdekt misbruk av ein type Nabogo ikkje har erfart tidlegare.

Det er identifisert få misbrukarar, men Skyss opplever misbruket som alvorleg og medvite. Samkøyringstenesta har dei siste 12 mnd. vore nytta av 2150 aktive brukarar i Askøy og Øygarden. Det er i juni identifisert misbruk hos fire sjåførar som har vore knytt til ti passasjerar. Det er avdekt at dette omfattar tre familiemedlemmer som saman har brukt andre familiemedlemmer sin identitet og sine telefonar for å gjennomføre falske samkøyringar. Den fjerde sjåføren har gjennomført falske samkøyringar ved å bruke både privat og jobbtelefon, og også andre familiemedlemmer sine telefonar for å lure systemet. Alle fire har erkjent handlingane og betaler tilbake det dei har fått utbetalt. Dei fire har samla fått utbetalt kr. 75.700,-.

Nabogo sine kontrollrutinar inkluderer ei rekke tekniske og praktiske kontrollar. Å omgå kontrollar krev anten at brukarane opprettar fleire profilar ved bruk av fleire telefonar og unike telefonnummer, eller at brukarar samarbeider for å registrere falske samkøyringsturar. Ein samkøyringstur vert godtgjort med 15 kroner til sjåfør. Skyss og Nabogo vurderer denne typen svindel som bedrageri og vil vurdere politimelding.

**Kva endringar blir sette i verk**

Nabogo sine kontrollrutinar er heile tida i utvikling og dei har no utvida overvakinga si og mengda stikkprøvekontollar. I juni har det vorte gjennomført ein ekstra kontroll blant dei mest aktive brukarane, og ein stikkprøvekontroll i heile brukarbasen dei siste 12 månadene. I løpet av hausten 2025 vil det bli innført ei rekke nye tiltak som vil gjere det vanskelegare å misbruka tenesta. Mellom anna vil det bli obligatorisk Vipps-verifisering for sikker identifikasjon og GPS-sporing av passasjerreiser for å kunna kontrollere at dei faktisk reiser med sjåføren dei er kopla saman med.

Skyss si erfaring er at prøveprosjektet er ein test som viser at her er eit potensiale i samkøyring, men at det er behov for forbetringar i tenesta. Formålet med å teste er nettopp å avdekkje forbetringssområde, og det er derfor nyttig at desse tinga har komma fram i lyset i denne fasen.